



Kommunen har no løyvt 10.000 kroner til møblar i Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Utvikling fekk positiv respons på søknaden sin om kommunale midlar til kjøp av nye møblar til Gamleskulen.**

No har Kulturkontoret svarta med å løyva 10.000 kroner til føremålet. Til no har UU lånt møblar frå Aktivitetshuset og Helgheim til bruk blant anna under kafedrifta på tysdagar.

Dette er Kulturkontoret si grunngjeving for løyvinga:

”Som ein del av den kommunale satsinga på frivilligheit er det sett av pengar tiltak der det vert gjort eit stort friviljug arbeid til beste for lokalsamfunnet.

Arbeidet med å skapa møteplassar i bygdene er viktig. Særleg positivt er det at de skapar aktivitetar både for unge og eldre”.

Med andre ord set kommunen stor pris på den aktivitet som Uskedalen Utvikling har fått i gang.

Av Ola Matti Mathisen